

# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 2 2020

35. ÅRGANG

Det blir  
**rekeparty**  
på Nord-  
fjordhytta  
i år også,  
**23.–24. mai**



FOTO: Dagfinn Aa ©

Sunnfjord-  
hytta er ut-  
leigd 20.-22.  
juni, men  
elles **ledig**  
**for lagsfolk**



FOTO: Arve Reidar Dale

Me minnest  
avlidne **Arne**  
**Kvamme**



**VERT SAKNA:** Arne Kvamme var trufast både i Ringen og Laget og på lagshyttene. Han og kona Torgunn var med på smalahovelaget seinast hausten 2018.

# Leiaren – «...ein betre vår ein gong» (Elias Blix 1875)

## Gode medlemmar!

Det er no over to månader sidan vi sist var samla, på årsmøtet i laget, og vi må vel heilt attende til krigen for å finne ein liknande situasjon som den vårt og andre lag no er i. Berre at den gongen varde det endå lenger enn det vi no vonar, og det var vanskelegare å halde kontakt. Nokre av oss kjende vel alt ved årsmøtetider på ei uro over kva som kunne komme, men kunne lite gjere med det.

At **Arne Kvamme** brått og uventa gjekk bort i denne mørke tida, har også prega oss. Vi lyser fred over hans minne, og tenkjer på familien, som på side 4 i avisa har inne ei takk for merksemda frå Ringen og Laget, som sende krans og bårebukett. Minneord står på neste side.

Konsekvensane av epidemien merkast mest i Ringen, som ikkje har hatt øving på mange veker. Og det merkast i Bygdelags-huset og i BLS, som ikkje har fått halde årsmøtet sitt. Men dei har eit styre som står på i desse tider.

I laget vårt har vi ikkje hatt styremøte etter årsmøtet, men sidan vi er om lag dei same folka, har vi halde fram som før i dei same styreverva.

**Vi har hyttene som ein møteplass, men alle som tenkjer seg dit må avtale med Hyttestyret, helst i god tid,** slik at vi ikkje risikerer for mange der på ein gong. I desse tider er det ein god idé å halde seg til smittevernreglane med god margin.

Helsing **Agnar Kvellestad**,  
leiar i laget

---

## Rekeparty på Nordfjordhytta 23.–24. mai

I tråd med årelang tradisjon er det gledeleg å kunne invitere til rekeselskap med god mat og drikke og prat også i år. Ta med reker og høveleg drikke til **festmåltid laurdagskvelden kl. 19.**

Ta også med litt frukostmat til lang felles frukost søndag.

**NB!** Smittevernreglane gjeld naturlegvis også på hytta. Der er god plass, så det går fint.



FOTO: Dagfinn Aa

Vel møtt på hytta! Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

# Minneord om *Arne Kvamme*

**Arne gjekk brått og uventa bort natt til måndag 30. mars, 64 år gammal.**

Arne blei fødd heime på garden i Bygstad 11. mars 1956, under den mektige Kvamshesten (Storehesten), som var eit viktig turmål for Arne i alle år.

Arne var yngst av 3 sysken. Heim-plassen betydde mykje for han, og det var der grunnlaget for hans praktiske evner vart lagt.

Etter gymnaset i Førde reiste Arne til Gjøvik for å gå på «Tekniker'n», fagfeltet var Telekommunikasjon. Trur det var på Gjøvik interessa for folkedans starta.

I 1978, etter eksamen på Tekniker'n flytte Arne til Asker og begynte sitt arbeidsliv i Elektrisk Byrå. Han fylgde med firmaet i fusjonar og namnendringar. Siste åra jobba han som utleigd konsulent og hadde arbeidsplassen sin på Kongsberg. Arne var glad i arbeidet sitt og klaga aldri over den lange reisevegen frå Asker til Kongsberg.

Hausten 1978 begynte Arne i Asker folkedanslag og vart etter kvart med inn i Sogn og Fjordaneringen i BLS. Arne var ein veldig god dansar og dansa fleire gonger i veka i mange år. I dansemiljøet fekk han også mange gode venner som han hadde livet ut.

Han blei òg med i Sogn og Fjordanelaget og hadde fleire verv der. Han sat i styret i Sunnfjordlaget og var tidleg på 80-talet med i samarbeidsnemnda i So-Su-

Nor, m.a. som PR-ansvarleg. Han var også mykje på Sognehytta og har gjort ein innsats på Sunnfjordhytta, seinast i nyare tid. Han har også



i fleire år vore revisor for laget og ringen.

I Nordahl Bruns gate trefte han Torgunn, si kjære kone. Dei gifte seg og fekk borna Øyvind og Ingrid. Då dei kom til, la Arne dansen litt på hylla, dei vart viktigare i livet hans.

Torgunn og Arne kjøpte hus på Vetre i Asker, som dei brukte mange år på å bygge på og om. Arne heldt på kvar kveld etter jobb, og det såg ut til at han kosa seg med det, resultatet blei kjempebra. Arne var familiemann, ein god dansar og heldt seg i form med bl.a. sykling og skiturar.

Arne var alltid positiv, roleg, dyktig, hjelpsam, ein god kollega og ein veldig god venn. Han etterlet seg eit stort sagn hos mange, både familie og venner.


Tankane våre går spesielt til Torgunn, Øyvind og Ingrid som har mist ein kjær ektemann og far.

Kvil i fred Arne, vi saknar deg.

***Berit Stenmark***

Tusen takk for all vennlig deltagelse, blomster og hilsener etter at  
Arne døde så brått og uventet fra oss.

Hilsen fra Ingrid, Øyvind og Torgunn Kvamme



*Takk for alt godt du har gjort for oss, Arne. Sogn og Fjordanelaget i Oslo.*

(Krans fra Laget)

# Protokoll frå årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo

13. februar 2020 kl. 19.00 i Bygdelagshuset, Nordahl Bruns gate 22, Oslo

**1. Opning**, godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, protokollvitne og teljekorps

Leiaren opna møtet og ønskte dei åtte frammøtte velkomne.

Innkallinga vart godkjend.

Årsmøtet konstituerte seg slik: Ordstyrar Agnar Kvellestad, referent Agnar Hegrenes, protokollvitne Dagfinn Aa og Olav Kvam, teljekorps vart ikkje valt.

**2. Godkjenning av saklista**

Vedtak: Saklista godkjend.

**3. Årsmelding for 2019**

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga. Det var nokre spørsmål om Gramo-avgifta, og det vart opplyst at NU arbeider for å få redusert avgifta for dei som nyttar innspelt musikk langt mindre enn 500 timar i året. Medlemar av hyttestyret og presse- og PR-nemnda svarte på spørsmål om årsmeldingane frå desse nemndene.

**4. Rekneskap for 2019**

Kasseraren orienterte om rekneskapen og svarte på spørsmål. Rekneskapen synte eit resultat på kr 2600 for laget (utanom Ringen) og – kr 666 for Ringen, totalt kr 1934. Ved utgangen av 2019 hadde laget eit investeringsfond på kr 67 000 og annan eigenkapital på kr 161 637. Ringen hadde ein eigenkapital på kr 157 847, slik at total eigenkapital var kr 386 484. Det vart peika på at rekneskap for laget og Ringen var sett opp på ulike måtar. Dette hadde også vore oppe på årsmøtet i Ringen, jf. protokoll frå årsmøte i Ringen, sak 6.

**Vedtak:** Årsmelding og rekneskap for 2019 vart godkjende og styret vart gjort ansvarsfritt.

**5. Medlemspengar for 2021**

Styret foreslo inga endring i medlemspengane. Årsmøtet slutta seg til dette og sette medlemspengane for 2021 til kr 400 for medlemar frå og med 26 år og kr 0 for medlemmar under 26 år.

## **6. Arbeidsprogram og budsjett for 2020**

Utover det som stod i årsmøtepapira, vart det nemnt at det i år er 60-årsjubileum for Nordfjordhytta, og at ein vil markere dette til hausten. Det vart òg diskutert korleis ein kan få til meir aktivitet på hyttene både av medlemar og andre (utleige).

Det låg ikkje føre budsjett for Ringen, men det går fram av protokoll frå årsmøtet i Ringen at budsjett vart teke til vitande.

Hilmar Nummedal orientert om at han har oppretta ei Facebook-gruppe der han mellom anna orienterer om laget. Gruppa har no 33 medlemar.

**Vedtak:** Styrets forslag til budsjett for 2020 for laget vart godkjent. Årsmøtet går ut frå at Ringen sender budsjettet til styret i laget, som får fullmakt til å godkjenne det. Forslaget til arbeidsplan for laget vart teke til orientering med tillegg om markering for Nordfjordhytta og oppmoding til alle medlemar om innspel til tilskipingar på hyttene og elles i laget.

## **7. Val**

Agnar Hegrenes og Asmund Hage har vore valnemnd. Agnar Hegrenes la fram forslaget. Valet gav følgjande resultat. Alle val vart avgjorde med akklamasjon.

### ***Styret***

Leiar: Agnar Kvellestad, attval 1 år.

Styremedlemar (styret konstituerer seg sjølv): Hilmar Nummedal og Jofrid Holter attvalde for 2 år.

Anny Sollid og Alv Reidar Dale var ikkje på val.

Vara: Henrik Linde (attval), Oddgeir Havn (ny) og Agnar Hegrenes (attval), alle valde for 1 år.

### ***Hyttestyret***

Andor Gjelsvik, Oddvar Bjordal og Jostein Bareksten attvalde for 2 år.

Agnar Hegrenes (leiar) og Dagfinn Aa var ikkje på val.

### ***PR- og pressenemnda***

Alv Reidar Dale attvald for 2 år.

Ragnvald Halset var ikkje på val.

### ***Revisorar***

Arne Kvamme og Ola Raftevold attvalde for 1 år.

## ***Valnemnd for årsmøtet i 2021***

Valnemnda hadde ikkje fremja forslag. Agnar Hegrenes tok ikkje attval. Årsmøtet vedtok at ein skal spørje Asmund Hage om å ta eit år til og å gje fullmakt til styret til å peike ut ein til.\*

\* Tillegg frå referenten: Asmund Hage har i samtale med referenten sagt at han ikkje tek attval i valnemnda.

### *Utsendingar til årsmøtet i BLS 25. mars*

Hilmar Nummedal, Agnar Kvellestad og Alv reidar Dale.

### *Utsendingar til årsmøtet i Det Norske Teatret*

Jofrid Holter og Anny Sollid.

### *Utsendingar til årsmøtet i NU*

Ingen utsending vald.

### *Styret i Sogn og Fjordaneringen*

Resultatet av valet i Ringen var med i utsende årsmøtepapir. Det mangla ein styremedlem på fulltalig styre. Årsmøtet i laget godkjende valet og forutset at eventuelt suppleringsval vert gjort på medlemsmøte i Ringen, t.d. på ein øvingskveld, og årsmøtet i laget gjev styret i laget fullmakt til å godkjenne suppleringsval.

Møtet slutt ca. kl 21.00

**Tillegg:** I ein pause mellom sak 4 og 5 orienterte Hilmar Nummedal om den nye heimesida for Sogn og Fjordanelaget: <https://www.sognogfjordanelaget.no/>

Oslo, 13.02.2020/25.02.2020

*Agnar Hegrenes*

Referent

*Dagfinn Aa*

Protokollvitne

*Olav Kvam*

Protokollvitne

---

## ... kan henda *lagshyttene* er lurt å ta tur til no?

Sogn og Fjordanelaget gjer litt som Den Norske Turistforening, opnar for avgrensa bruk av lagshyttene våre. Folk må ta kontakt med hyttestyret om de vil nytta/leiga ei av hyttene, og fylgja strenge hygienereglar.



FOTO: Alv Reidar Dale

**DAGSTUR:** Anne Merete, Birger og Alv Reidar har hatt fleire fine turar til Sunnfjordhytta ved Sinober i vår, i frisk luft utandørs langt frå folk...

---

---

## STYRET

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 92 06 72 63  
hilmarnum krøllalfa outlook.com

## PRESSE & PR

**Leiar:** Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p)  
a.r.e.dale krøllalfa uniform.uio.no

## HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 92 49 64 38  
agnar.hegrenes krøllalfa outlook.com

## Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
andorgj krøllalfa frisurf.no

## Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa 45 00 49 33  
aa12 krøllalfa online.no

## SOGN OG FJORDANDERINGEN

**Leiar:** Ingjerd Torsby 913 16 368  
sofingjerd krøllalfa gmail.com

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---